

Referat frå SMU måndag 15.01.18

Desse møtte: Noah, Leah Marie, Hildegunn, Bjarne, Reidun, Snorre, Marit, Marianne, Kjersti og Linda.

Sak 1: Drøfte om utvalet blir informert om saker som angår skulemiljøet.

Det er forbettringspotensialet. Viktig at det blir tatt kontakt med SMU dersom det er klasser som har vanskar. Reidun informerte om at det pr. i dag er ei klasse som arbeider ekstra med skulemiljøet.

Sak 2: Resultat av elevundersøkinga

7. og 10. klasse har i år gjennomført undersøkinga.

Reidun gjekk gjennom resultatet. Det blei snakka meir om desse punkta:

Lite variert i skulearbeidet. Viktig at ein tenker meir praktisk.

Tilbakemeldingar og medverking – dette må me arbeide meir med.

Viktig at me ser på korleis ein kan motivere elevane for skulearbeid og motivere dei til å yte best mogleg.

For dårleg at me har 3.1 på arbeidsro i timane.

Trist at elevane føler at dei ikkje blir hørt 2.8. Noko av dette kan for eksempel ligge i at elevane ikkje vil ha mobilfri skule.

Skulen skal bruke planleggingsdagen 16. mars til å arbeide med elevmedverking og korleis skrive gode framovermeldingar.

Viktig at personalet på skulen må bli meir samkjørte på korleis ein reagerer på regelbrudd.

Skulehelsesyster – kor får elevane tak i ho dersom dei vil snakke med ho? Dette må ein få ei ordning på slik at til og med elevane på småskulen veit kor ho er.

Politisk einighet om at ein skal sjå på det fysiske miljøet på Tveit skule/ Nissedal ungdomsskule – spesielt i paviljongen. Bjarne sjekkar korleis saka blir arbeida vidare med.

Kom forslag om at ein har utviklingssamtaler med føresett tidlegare i semesteret der ein ser på mål og kriterier. Så kan ein sende heim vurderinga seinare i semesteret.

Innspel om at elevane bør vere med på vurderingssamtalene. Reidun tek dette med vidare til personalet på skulen. Dette må også med i planen for heim – skule samarbeidet.

Sak 3: **Eventuelt**

- Ung data blir gjennomført på ungdomsskolen i veke 9 – 11.
- Har hatt ein del episodar på skulen med rasistiske uttrykk. Einighet i personalet om saksgang dersom ein høyrer dette. Fyrste gong ein høyrer dette skal eleven takast med inn til rektor og telefon heim. Andre gong ein høyrer dette blir eleven utvist. Må ha ein runde i elevrådet slik at dei kan sjå på kva konsekvensar me kan lage for banning på skulen.

Referat frå SU måndag 15.01.18

Desse møtte: Noah, Hildegunn, Bjarne, Reidun, Snorre, Marit, Marianne, Kjersti og Linda.

Sak 1: **IKT**

Skulen har ikkje brukt opp pengane på budsjetta dei siste året Det er ikkje full einighet mellom einingsleiar og administrasjonen/politisk nivå på korleis ein kan bruke dei pengane. Men Bjarne har tatt ordet i kommunestyret for at det raskt blir satt ned eit utval for å sjå på ein plan for IKT i Nissedal skulen.

Sak 2: **Uttale til skuleruta for neste skuleår**

Innspel til rektorgruppa frå SU:

- Pl. leg. dagar 15.,16. og 17. juni
- Fri 8. sep. (dyrsku fredag) eller ein dag i november
- Pl. leg. 2. januar
- Avsp. 31. mai
- Siste skuledag 20. juni og pl.leg.dag 21. juni.

Sak 3: **Uttale før revidering av ordensreglement**

Kommentar til 4.5: Av og til får elevar beskjed om at dei ikkje treng levere lekser til rett tid. Det er viktig at lærarane tek inn lekser til avtalt tid.

Viktig at lærarane forventer arbeidsro i timane.

Sak 4: **Felles temamøte/foreldremøte til hausten. Innhald?**

FAU kjem med forslag om rasisme og mobbing (ta vare på kvarandre). SU stiller seg bak dette. Har ein forslag til føredragshaldar ta kontakt med Reidun.

Sak 5: **Eventuelt**

- Gratisprinsippet. Rektorgruppa har sagt at det ikkje blir lov til å ta inngangspengar på skulen. Loddsal kan fortsette for dette er frivillig. Ein må slutte med omvendt julekalender der ein krev at elevane har med seg noko. Det må vere frivillig, eller dei som har lyst til, kan ta med seg mat til eit felles bord. Skidag på Gautefall må forsvinne. Kantina er innafor for alle må ha mat og det er heilt frivillig. SU ynskjer at gratisprinsippet skal takast opp til politisk debatt.
- To saker frå FAU som må takast opp på neste møte:
Uteareal og revidering av årshjul.

Referent: Linda Solberg